

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/22	Formannskapet	PS	16.02.2022
008/22	Heradsstyret	PS	23.02.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	19/2399

Kommunal finansiering av utbygging av mobilnett

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utbygging av prosjekt mobilnett i Osterøy kommune har ein kostnad på kr 3.278.970,-. Prosjektet vert belasta investeringsbudsjettet for 2021. Midlane vert henta frå posten «Omsorg +» der det er unytta midlar frå 2021.

Formannskapet - 008/22

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Utbygging av prosjekt mobilnett i Osterøy kommune har ein kostnad på kr 3.278.970,-. Prosjektet vert belasta investeringsbudsjettet for 2021. Midlane vert henta frå posten «Omsorg +» der det er unytta midlar frå 2021.

Heradsstyret - 008/22

HS - behandling:

Framlegg og votering i saka kjem fram av voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den komplette møteprotokollen.

HS - vedtak:

Utbygging av prosjekt mobilnett i Osterøy kommune har ein kostnad på kr 3.278.970,-. Prosjektet vert belasta investeringsbudsjettet for 2021. Midlane vert henta frå posten «Omsorg +» der det er unytta midlar frå 2021.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Det har vært eit stort samfunnsproblem at mobildekninga i kommunen har vært svært dårleg enkelte plassar. I nokre tilfelle har det gått ut over tryggleik og liv og helse. Osterøy kommune har sidan 2019 vært i dialog med Telenor AS og arbeidd for å betre mobildekninga i kommunen.

Det blei i 2019 undertekna ein intensjonsavtale mellom Telenor og Osterøy kommune om bygging av mobilnett på sju lokasjonar i kommunen. 5 av prosjekta er realisert. I følgje avtalen så skal Osterøy kommune stå for infrastruktur i Bruvikdalen og i Hjellvik, mens Hosanger, Tysse og Bruvik (frå Stavenestunnelen) blir dekkja av Telenor. Tidligere ordførar Jarle Skeidsvoll har forhandla fram avtale med BKK knytt til framføring av straum til mobilmast i Bruvikdalen. I Bruvikdalen har det vært kostbart og komplisert å få etablert straum.

Rådmannen vurderar det slik at dette er ein nødvendig og samfunnskritisk investering. Osterøy kommune vil får ei ekstra utgift knytt til investering på 2021 budsjettet på ca 3,3 millionar kroner.

Tiltak	Utgift
Oneco AS	2.761.500,-
BKK Hjellvik anleggsbidrag	349.220,-
BKK tilkoblingsavgift Bruvikdalen	6.200,-
BKK tilkoblingsavgift Hjellvik	6.200,-
Byggesaksgebyr Hjellvik	28.500,-
Byggesaksgebyr Bruvikdalen	26.000,-
NS kontrakt	350,-
Utgifter synfaring	1.000,-
Prosjektleiing	50.000,-
Uforutsette ugiftar	50.000,-
Totalt	3.278.970,-

Bakgrunn

Telenor AS og Osterøy kommune har laga ein intensjonsavtale for å bygge ut mobilnett i kommunen. Fasttelefon/kopparnett er vedteke at skal leggjast ned og bli erstatta av mobilnett. Osterøy kommune har hatt fleire stader med dårleg dekning av mobilnett.

Telenor AS har fått førespurnad om utbygging av mobildekning i sju område i Osterøy kommune (fem er bygd). Prosjektet har ein samarbeidsform der kommunen legg til rette for etablering av infrastruktur som mast, hytte og straum på to av lokasjonane (Bruvikdalen og Hjellvik). Infrastrukturen er etablert i tråd med gjeldande krav slik at det er kan vere mogleg å føre eigarskapet til operatør ved ein seinare høve. Teleoperatør er ansvarleg for montering og drift av utstyr til basestasjon, og teiknar abonnement på straum.

Kundane vil få tilbod om mobilbaserte løysingar med høg hastigheit. Telenor er ansvarleg for informasjon til kundane i samband med moderniseringsprosessen.

Infrastrukturen er tilgjengeleg for alle teleoperatørar. Høgda på mastene er prosjektert slik at det er gode tilhøve for fleire operatørar å etablere seg.

Vurdering

Etter rådmannen si vurdering er dette prosjektet særskilt viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og sørge for god mobildekning i heile kommunen, spesielt i dei områda av kommunen som har hatt dårleg eller ingen dekning i det heile.

Folkehelse

Etableringa gir auka tryggleik og beredskap i kommunen

Miljø

Økonomi

Prosjektet er ei god investering i å gjere kommunen meir attraktiv og framtidsretta

Konklusjon

Rådmannen rår til at finansiering av mobilnett i kommunen takast frå investeringsbudsjettet for 2021, prosjekt som ikkje er gjennomført